

Femlingar på Vetleskjeret

01.06.2014



Stor naturoppleving i dag: Svaneparet som er kjente og kjære gjennomførte ein symjetur rundt Neset som ikkje kan kallast anna enn ein parademarsj. Men det var ikkje det minste rart at dei var stolte, for dei hadde 5 småungar med seg og dei var ruga ut under krevjande tilhøve på' Vetleskjeret. Krevjande fordi måkene skrik og gjer det utriveleg for andre der. Ornitologar trur ikkje svaner har formert seg på denne staden meir enn ein gong før.

No får vi vona at dei små ikkje får ein altfor dramatisk oppvekst.

Det er tidlegare slege fast at svanene våre er knoppsvanar, karakterisert ved det store, orangeraude nebbet som har ein svart knopp i panna.

Det er 2 andre svaneartar her i landet - songsvanar og dvergsvanar, men knoppsvanane har auka særleg mykje dei siste 50 åra seier ornitologane..

Dei bygg gjerne reiret sitt av siv eller tang på småøyar og føden er vassplantar. I helga har vi sett korleis næringsinntaket går føre seg og dei små har truleg lært mykje!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

